



SIM

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

1/2017

APRIL • ÅRGANG 24



## Marin forsøpling

Nokre stader langs kysten ligg det heile 10 tonn søppel per kvadratkilometer på havbotnen. Ei enkelt plastflaske kan påverka havet negativt i heile 400 år.

**Les meir om marin forsøpling og ryddeaksjonar på sidene 2–5.**

# Marin forsøpling

## – ei betydeleg miljøutfordring

Nokre stader langs kysten ligg det heile 10 tonn søppel per kvadratkilometer på havbotnen. Ei enkelt plastflaske kan påverka havet negativt i heile 400 år.

Verdhava er eit viktig matfat, både for menneske og dyr. Diverre har sjøen også vorten ei søppelfylling for menneskeskapte produkt som utgjør en trussel mot organismar som lever i eller ved havet.

### Tek liv

Det er særleg auken av plast i havet dei siste 10-20 åra som uroar forskarane. Dei reknar at plast utgjør om lag 80 prosent av det marine søppelet, og at mellom 5 og 13 millionar tonn plast hamnar i havet årleg. Observasjonar indikerer at søppel nokre stader langs norskekysten kan komma opp i nærare 10 tonn per kvadratkilometer, fortel Bjørn Einar Grøsvik, forskar ved Havforskningsinstituttet til SIM-nytt.

– Hovudutfordringa med plast er at han ikkje forsvinn. Han vert berre broten ned i mindre og mindre bestanddelar, såkalla mikroplast. Dette skjer sakte, og ei vanleg plastflaske kan påverka miljøet i havet i rundt 400 år, seier Grøsvik.

Han fortel at forskingsmiljøa berre kan gjera greie for rundt ein prosent av plasten i havet. Kor resten blir av er framleis uvisst.

– Det me veit, er at plasten kan vera skadeleg i seg sjølv og kan bera med seg miljøgifter som hopar seg opp i organismar og dyr i og ved sjøen. Mange fuglar, sjøpattedyr og havskilpadder dør



**Bjørn Einar Grøsvik**

Forskar ved Havforskningsinstituttet

FOTO: GURI NESJE, HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

– *Hovudutfordringa med plast er at han ikkje forsvinn.*

årleg fordi dei set seg fast i søppelet eller forvekslar det med mat. Til dømes er det rapportert om havhest og andre sjøfuglar i Nordsjøen som har fleire plastpartiklar i magen enn dei truleg toler, og i Barentshavet har Havforskningsinstituttet funne at 20 prosent av snørabbane har plastbitar i magen. Kvalen som stranda på Sotra i februar er eit ferskt døme på at også sjøpattedyra tek skade, seier havforskararen, og referer til den medieomtalte gåsenebbkvalen som hadde 30 plastposar i magen.

### – Ikkje berekraftig

Ein ting er dei store plastdelane som er synlege for auga, men kva med all mikroplasten som me treng lupe eller mikroskop for å sjå? Forskarane veit enno

lite om kva konsekvensar mikroplast har for dyr og organismar som forvekslar det med mat og ein veit heller ikkje korleis dette igjen kan påverka økosystema. Men Grøsvik og forskarkolleagaene er uroa for at miljøgifter, bakteriar og virus kan binda seg til mikroplasten og hopa seg opp i organismane som et han. Då kan gift og sjukdom klatra oppover næringskjeda – og enda på middagsbordet.

– På dette feltet trengst det meir forskning, men me veit uansett nok til å forstå at dagens tilførsel av plast og anna marint søppel til hava ikkje er berekraftig, fastslår Grøsvik.

– *Kva kan me gjera for å avgrensa forsøplinga av havet?*

– Me treng internasjonal semje om korleis me kan hindra vidare forsøpling, auka gjenvinninga og utvikla nedbrytbare materialar som kan erstatta plast. Samstundes kan me alle bidra med å bli bevisst på forbruket vårt og å ha gode rutinar for sortering og gjenvinning av avfallet me produserer. Strandryddeaksjonar er også eit viktig bidrag, meiner Bjørn Einar Grøsvik.

*Bilete frå før ryddeaksjon på Tysnes.*





# Stort engasjement for strandrydding

SIM har sidan 2005 lagt til rette for søppelrydding i lokalmiljøet gjennom ryddeaksjonar og ei meldeteneste for forsøpling. I år opplever Arild Vik, driftsleiar for innsamling, at engasjementet er ekstra stort.

– Kvalen som stranda på Sotra i februar har tydeleg vekt kjensler, og me har fått telefonar frå folk som vil rydda strender mest kvar dag, fortel Vik.

Han helsar alle ryddeinitiativ velkomne, men har ei klar oppfordring til dei som vil gjera ein innsats:

– Me ønskjer at folk **registrerer seg på nettsida til SIM**, slik at me har kontroll på kvar det blir rydda og kor mykje avfall me får inn i systemet. Dei som registrerer seg og får grønt lys til å gå i gang, mottek ei svarmelding frå SIM. Denne tek dei med seg til sin lokale miljøsentral. Der får dugnadsgjengen gratis bossekker, som dei kan levera gratis etter ryddeaksjonen, fortel Vik.

#### Slik kan du vera med og rydda Sunnhordland:

Meld deg på ein av SIM sine ryddeaksjonar via SIM sine nettsider [www.sim.as](http://www.sim.as) før du går i gang. Du finn påmeldingsskjema under > Vårt samfunn.

#### SIM sine ryddeaksjonar er:

- Rydd ei strand
- Rydd nærmiljøet
- Rydd ein sti

- **Meld frå** (Her kan du senda oss ei melding dersom du oppdagar dumpingplassar eller områder med større forureining)

#### Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag, idrettslag og andre grupper av frivillige som ønskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

#### Kva område kan ryddast?

- Strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for
- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar

#### Kva kan kastast i sekkene?

- Vanleg hushaldsavfall (Grovavfall, farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår.



### Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ein av våre ryddeaksjonar, ta kontakt med SIM.



App (Android/iOS)



[facebook.com/SIMrenovasjon](https://www.facebook.com/SIMrenovasjon)



[www.sim.as](http://www.sim.as)



53 45 78 50



[sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)



Før rydding.



Etter rydding.

# SIM startar konteinarutleige

Tilbyr lik pris i heile Sunnhordland.

Skal du renovera eit hus eller ta den verkeleg store ryddesjauen i hus og hage, kan det fort bli mange turar med tilhengaren til miljøsentralen. For å gjera det lettare å bli kvitt så store avfallsmengder i ein eingong, startar SIM denne våren utleige av konteinarar til privatpersonar i SIM-kommunane.

– 40 konteinarar er bestilt, og me satsar på å vera i gang med utleige 2. mai, fortel Arild Vik, driftsleiar for innsamling.

SIM har ofte førespurnader om konteinarleige frå SIM-abonnentar, og etter at ein selde næringssekskapa ser ein at det no er behov for eit slikt tilbod frå selskapet.

– Me ser at det kan vera dyrt å leiga konteinar i privatmarknaden for folk som

er busette i utkantane av Sunnhordland. Hos oss vil alle betala same summen, uansett om ein bur tett på Heiane eller langt av garde, fortel Vik.

Det vil bli annonsert når me er klare til oppstart. Bestilling av konteinar vil kunna gjerast på nettsida til SIM eller ved å ringja sentralbordet på telefon 53 45 78 50.

## Plast skal ikkje i bio

Me opplever til tider store mengder plast, og anna uønska avfall i bioavfallet. Dette avfallet er med på og øydeleggje komposteringsprosessen, og føre til eit dårlegare produkt. Våre sjåførar har i sine driftsrutinar pålegg om å ikkje ta med seg dunkar der det i stor grad er feilsortert, fortel driftsleiar i SIM, Arild Vik. Kundane får fyrst ein gul lapp på dunken, denne gjev varsel om at dunken inneheld feilsortert avfall, men er blitt tømd denne gong. Dersom dette gjentek seg vil kunden få raud lapp på dunken, og dunken vert ikkje tømd, fortel han.

– Dei aller fleste er veldig flinke til å sortere, men som ein veit, så er det alltid nokon som ikkje bryr seg, eller manglar informasjon om korleis ting skal gjerast, seier Vik.



# Kva skjer med avfallet?



## Restavfallet:

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Restavfall frå SIM- kommunane vert i stor grad energigjenvunne ved anlegg i Bergen eller på Austlandet.



## Papiravfallet:

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til materialgjenvinning. Vert til ny papp eller papir.



## Bioavfallet:

Vert kjørt til SIM sitt komposteringsanlegg i Svartasmåget på Fitjar. SIM produserer kvart år fleire tusen tonn god kompostjord og plenblanding som vert seld ved alle våre miljøsentralar. Store lass kan kjøpast i Svartasmåget.



## Emballasjeplast:

Vert sendt til godkjent mottak for materialgjenvinning.



## Tekstilar:

Vert sendt til Fretex for ombruk og gjenvinning.



## EE-avfall:

Vert sendt til godkjent mottakar for EE-avfall, der komponentar som kan gjenvinnast vert henta ut, og sortert. Miljøfarlege komponentar vert handsama på forsvarleg måte.



## Treverk:

Reint treverk vert nytta i SIM sitt komposteringsanlegg. Impregnert treverk og ureint treverk går til energigjenvinning.



## Glas og metall:

Vert sendt til godkjent mottak for materialgjenvinning.



## Farleg avfall:

Vert sendt til forsvarleg slutthandsaming ved godkjent mottak, anten til materialgjenvinning, energigjenvinning eller deponering.



## Ikkje brennbar rest:

Dette er avfall som ikkje kan nyttast hverken til materialgjenvinning eller energigjenvinning. Avfallet vert difor kjørt til SIM sitt deponi i Svartasmåget, Fitjar. Avfall som vert deponert skal ikkje innehalda organisk materiale.



**SENDAR:**

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmåget  
N-5419 Fitjar

**OFFENTLEG INFORMASJON**

# Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.



Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 200 for ein liten tilhengjar. For større mengder kostar det kr. 400 per tonn. Kunden må sjølv ha med tilhengjar. I Svartasmåget, på Heiane, Bømlø, Sveio og i Kvinnehrad er det råd å få hjelp til å lessa på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.

## Kameraovervaka hyttekonteinarar

Grunna mykje misbruk og forsøpling av enkelte av våre hyttekonteinarar vil me kameraovervaka nokre av desse.

Har du spørsmål om overvakinga, ta kontakt med SIM.



## Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år,

og i 2016 skal dei møtast fredag 28.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

## OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\*

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### BØMLØ, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

### FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

### KVINNEHRAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00

Laurdag kl. 10.00-14.00

### SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

### TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmåget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

**SIM**